

Hardingkunstnarar

INSPIRERT

av Olav H. Hauge og Geirr Tveitt

INSPIRED
by Olav H. Hauge and Geirr Tveitt

Hardanger Artists

New York and Hardanger 2008

Denne katalogen presenterer to parallelle utstillinger med same tema, den eine i New York og den andre i Hardanger.

This catalogue is presenting two parallel exhibitions, one in New York, and the other in Hardanger, Norway. (NY)

Trygve Lie Gallery, The Norwegian Seamen's Church in New York	May 15th	- Sep 7th
Agatunet, Hardanger	10. mai	- 17. aug
Galleri N. Bergslien, Eidfjord, Hardanger	21. aug	- 14. sept
Olav H. Hauge senteret, Ulvik, Hardanger	17. sept	- 01. okt
Litteratursymposiet i Odda, Hardanger	05. okt	- 12. okt
Gamlebanken i Norheimsund, Hardanger	18. okt	- 08. nov

Harding Puls spring ut av kunstmiljøet i Hardanger, og i samband med 100-årsjubileet for dikteren Olav H. Hauge og komponisten Geirr Tveitt har utøvande og skapande kunstnarar i Hardanger late seg inspirera av desse to hardingane. Dei vil gje oss si oppleving eller tolking av orda, bileta og tonane Hauge og Tveitt har etterlate seg. Frå Hardanger til Kina og USA skal hundrevis av aktørar i kulturverda levandegjere kunsten deira. Jamvel om Hauge og Tveitt vart fødde for 100 år sidan, syner den kunstnarlege krafta oss kor grunnleggjande evig aktuelle dei er i si dikting og i sin musikk. Dei er ikkje berre hardingar, men også verdensborgarar med røter i den felles kulturarven vi alle er del av. Harding Puls sine samtidskunstnarar hentar inspirasjon frå den same naturen og er berarar av den same kulturen som Hauge og Tveitt ein gong tilhørde. Men dette skjer i vår tid. Og no skjer det samstundes - i USA og i Noreg.

Harding Puls originates from the art community in Hardanger. The centenary of the two "Harding" artists, the poet Olav H. Hauge and the composer Geirr Tveitt, has inspired performing and creative artists in Hardanger. Harding Puls want to give us their own experience or interpretation of the words, the images and the sounds that Hauge and Tveitt left behind. From Hardanger and around the world all the way to China and USA, hundreds of more participants will vitalize the work of the two artists. Even if they were born a hundred years ago, the force in their arts show us how basically vital the poems of Hauge and the music of Tveitt are. The two artists are not just "Hardings", but also citizens of the world and rooted in our common cultural heritage. Harding Puls' contemporary artists draw their inspiration from the same nature and are carriers of the same culture as Hauge and Tveitt once shared. But now it takes place in our time. And it takes place simultaneously in USA and in Norway.

Kristin Helle-Valle
Hauge-Tveitt jubileet 08
Dagleg leiar
Hauge-Tveitt Anniversary 08
Managing director



Hardingkunstnarar **INSPIREERT**
av Olav H. Hauge og Geirr Tveitt.

Fenomenet "1 + 1 = 3" oppstår når ein skaper noko relatert til, eller inspirert av, ein annan sitt liv og verk. Ein får eit tredje verk. Ikkje åleine den andre sitt, ikkje åleine sitt eige, men eit tredje. Dei "tredje kunstverka" inneheld både ei forlenging av den andre, nye måtar å sjå den andre på, og nye uttrykksmåtar for ein sjølv. Dei synleggjer òg ukjende samanhengar, nye historiske linjer, og ein større heilskap innan kunst- og kulturfeltet. Og dei aukar forståinga av kva kunst er og kva kunst har å seie både for kunstnarane og brukarane av kunst.

Olav H.Hauge og Geirr Tveitt skapte begge kunst av stor betydning. Dei lyfta det kvardagslege og sette det i nye perspektiv, gjennom sin kunstnarlege genialitet. Dei representerar eit kunstnarleg bakteppe, som me som kjem etter vert berika av.

Hardanger Artists **INSPIRED**
by Olav H. Hauge and Geirr Tveitt

The phenomenon "1 + 1 = 3" occurs when something is created relating to, or inspired by, someone else's life and work. A third creation is made. Not the other's alone, not one own's alone, but a third.

The "third creations" consist of extensions of the other, as well as new ways to view the other, and a new way of expression for oneself. They also reveal unknown relations, new historical lines, and a larger context in the field of art and culture. And they add to the understanding of what art is and what art means to artists and users of art.

Olav H. Hauge and Geirr Tveitt both created works of great importance. They lifted the mundane into a new perspective, through their artistic genius. They represent an artistic backdrop, enriching us, who are following them.

Kunstnarar av i dag har til utstillinga - INSPIRERT av Olav H.Hauge og Geirr Tveitt - utforska og fordjupa seg i livsverka til dei to store kunstnarane fram mot 100-års-jubileet for deira fødsel. Utstillinga er to-delt, ein del vises i Trygve Lie Gallery i New York, den andre delen vert vist i Hardanger, Norge. I tilknytning til utstillingane vil musikarar og skodespelarar ha ulike framføringar av Hauge og Tveitt sine verk.

Dagens kunstnarar og kulturformidlarar med tilknytning til Hardanger har ein felles "møtestad" i det tverrfaglege kunstnarforumet Harding Puls. I forumet går kunstnarane saman om felles kunstprosjekt, som fører til opplevingsrike møte mellom kunstnarane og publikum. Me vonar at publikum vil ha gleda av utstillingane våre denne gongen også, og me vil anbefale dykk å lese fleire dikt av Olav H. Hauge og høyre meir musikk av Geirr Tveitt.

In the exhibition - INSPIRED by Olav H. Hauge and Geirr Tveitt – the artists of today have researched and focused on the works of these two great artists, for the centennial of their births. The exhibition consists of two parts, one of which is shown in Trygve Lie Gallery in New York, the other will be shown in Hardanger, Norway. In connection with the exhibitions, musicians and actors will also be performing works by Hauge and Tveitt.

Artists and performers associated with Hardanger have a shared "meeting place" in Harding Puls, a cross over forum of artistic expressions. Through this forum artists connect and work together on projects which in turn result in enriching encounters between artists and audiences. We hope that the audience will enjoy these exhibitions also, and of course we recommend that you read more of Hauge's poetry and listen to more of Tveitt's music.



GEIRR TVEITT

1908 - 1981

komponisten
the composer

Geirr Tveitt var den mest fargerike norske musikkskaparen i sin generasjon - og den mest produktive. Han åtte det åndelege vengespenn og den fantasiens flukt som særkjenner kunstnarar med ein flik av genialitet. Strid og sta, ja visst – til liks med Beethoven, Munch og Picasso. Sær, tykte somme. Dei opplevde ikkje den andre Geirr; eit eventyr av sjenerøsitet og festvitas, eit menneske som formidla sterk varme og vedunderleg humor, ofte med sjølvvironisk sveip. I botnen var han smålåten, audmjuk på vegner av eigen musikk.

Geirr Tveitt was the most colourful Norwegian composer of his generation – and the most productive. He had the spiritual wingspan and the flight of imagination that characterizes the artists touched by genius. Hardheaded and stubborn, certainly – like Beethoven, Munch and Picasso. Some thought him difficult. They didn't experience the other Geirr; a celebration of generosity and festivity, a man who communicated warmth and a wonderful sense of humour, often blended richly with self-irony. But when he spoke of his own music it was with understatement and humility.

He had his debut as a composer while still a student in Leipzig, with a piano concert which received great acclaim.

His breakthrough came in 1938, with the orchestral version of 'Baldurs draumar' ('Baldur's Dreams'), Norse inspired ballet music, described as "The music event of the year" in Oslo.

Sin komponistdebut fekk han alt under studieåra i Leipzig med ein klaverkonsert som hausta stor fagning.

Gjennombrøtet kom i 1938 med orkesterversjonen av Baldurs draumar, ein norrønt inspirert ballettmusikk, karakterisert som "årets musikkhending" i Oslo.

Innsamling av folketonar før og under okkupasjonen resulterte i Femti folkatonar frao Hardanger for klaver og Hundrad hardingtonar for symfoniorkester, hans mest kjende verk som viser tilknytning til Bartok og Ravel i eit særmerkt folketoneinspirert impresjonistisk tonespråk på norsk grunn. Som klavervirtuos og dirigent gjennomførde Geirr Tveitt omfattande turnear i Sør-Europa og Nord-Afrika, ikkje minst hadde han suksess med sine verk i Paris. Tveitt sin enorme produksjon spente frå opera, symfoniar og solokonsertar, til den enklaste vise. Nokre av hans visemelodiar, slike som, Vi skal ikkje sova bort sumarnatta, er gått inn i det norske basisrepertoaret.

His collection of folksongs and melodies before and after the occupation resulted in 'Femti folkatonar frao Hardanger for klaver' (Fifty folk melodies from Hardanger for piano) and 'Hundrad hardingtonar for symfoniorkester' (Hundred Harding melodies for symphony orchestra) This is his most well known work, and it shows the relationship to Bartok and Ravel, with a musical language which is both impressionistic and specifically inspired by folkmusic, in this case Norwegian. As piano virtuoso and conductor, Geirr Tveitt toured extensively throughout Southern Europe and North Africa, and his greatest success was in Paris. Tveitt's enormous production spanned from opera, symphonies, and solo concerts, to the simplest little song. Some of his songs, such as 'Vi skal ikkje sova bort sumarnatta' (We Shouldn't Sleep Away the Summer Night', is today part of every Norwegian's repertoire.

Reidar Storaas
Forfattar av biografien:
Tonekunstnaren Geirr Tveitt
Author of the biography:
Tonekunstnaren Geirr Tveitt
Foto / Photo: Alfred Vikør



OLAV H. HAUGE

1908 - 1994

diktaren
the poet

Olav H. Hauge vart fødd i Ulvik i Hardanger i 1908, og budde der heile sitt liv (d. 1994). Han var mykje godt sjølv-lærd som diktar, og arbeidde i det daglege som gartner. Frå debutsamlinga hans *Glør i Oska* i 1946, og fram til og med den siste samlinga *Janglestrå* i 1980, leverer Hauge sju diktsamlingar som tilsaman utgjer ein unik forfattarskap i nasjonal samanheng.

I norsk lyrikksoge representerer Hauge si diktning ei særreie eining av tradisjon og modernitet, og han påverka ein generasjon av forfattarar, kritikarar og journalistar frå 1960-talet. Hauge mottok fleire prisar og utmerkingar for arbeidet sitt, inkludert kritikarprisen i 1961 for samlinga *På ørnetuva*. I seinare tid er han omsett til nærare 30 språk.

Hauge si litterære verd byr på ei sterk kobling mellom det jordnære og det universelle. Stundom får me allmenne innsikter ut av neddempa observasjonar av dyr og planter; andre tider vert kvardagslege verdjar destillert gjennom observasjonar av internasjonale tilhøve.

*Olav H. Hauge was born in the village Ulvik in the region of Hardanger in 1908, where he also lived all his life until he passed away in 1994. He worked as a gardener and was largely self-taught as a poet. From his debut collection *Glør i Oska* in 1946, and to his final collection *Janglestrå* in 1980, Hauge published seven collections of poems that have come to constitute a unique authorship in the Norwegian literary tradition.*

*Hauge's poetry represents a remarkable unity of tradition and modernity, and he influenced a whole generation of poets, critics and journalists from the 1960's and onwards. Hauge received several prizes and awards for his work, including The Norwegian Critics' Award in 1961 for the collection *På Ørnetuva*. His work has been translated into nearly 30 languages.*

His literary world offers a stark connection between the down-to-earth and the universal. We are sometimes being provided with general insights coming out of observations of animals and vegetation, while at other times everyday-observations are

Her vidarefører Hauge innsikter frå amerikanske forfattarar og tenkjarar som Ralph Waldo Emerson (1803—1882) og Henry David Thoreau (1817—1862). På fleire vis var det og likskapar mellom Thoreau sitt liv, slik han skildra det i boka *Walden*, og slik Hauge levde.

Hauge sine litterære interesser vart i stor mon forma av tips frå bibliotekaren i Ulvik, Magnus Hakestad, og onkelen Edmund Hakestad. Både Magnus og Edmund budde i Amerika i lange periodar, og frå onkelen i Amerika kom det pakkar med bøker og brev om litteratur. Seinare i livet vart Olav sterkt knytt til diktaren Robert Bly; dei omsette dikt av kvarandre og møttest ved fleire høve.

Hauge vart og etter kvart ein markant gjendiktar og omsetjar, og han introduserte fleire store diktarar for norske lesarar. Dei samla dagbøkene hans, skrive i perioden 1924—1994 og utgjeve i 2000, gjev ettertida innblikk i nasjonale og internasjonale straumdrag innan åndsliv, politikk og kvardag for einskildmennesket.

*distilled through observations of international affairs. In this respect, Hauge passes on a tradition that stems from American authors and thinkers such as Ralph Waldo Emerson (1803—1882) and Henry David Thoreau (1817—1862). There are also similarities to be found in particularly Thoreau's life, as portrayed in the book *Walden*, and Hauge's own life.*

Hauge's literary interests were to a large degree shaped by inspiration from the local librarian, Magnus Hakestad, and Hauge's uncle Edmund Hakestad. Both Magnus and Edmund lived in America in longer periods of their lives, and from his uncle Edmund young Olav received several books and also Edmund's own thoughts on literature. Later in life, Olav got strongly connected to the poet Robert Bly, and they translated each other's poems and also met on several occasions.

Hauge was also an outspoken translator, and he introduced several poets for Norwegian readers. His diaries, written in the period between 1924 and 1994, and published in 2000, leave us with an insight into international and national affairs within the realms of politics and everyday life in Norway.

Øystein Hide
Leiar i Venelaget for Olav H. Hauge
Head of Friends of Olav H. Hauge
Foto /photo: Odd E. Nerbø

-om inspirasjon- -about inspiration-

Ein gong på slutten av 1950-talet fekk dikteren Olav H. Hauge eit bilete i posten. Det var ein reproduksjon av Nikolai Astrups Vårnatt i hagen frå byrjinga av 1900-talet. Kan hende hadde dikteren sjølv sett biletet i Rasmus Meyers samlingar i Bergen, men det var likevel framfor kopien av måleriet at Hauge skreiv Til eit Astrup-bilete. Dette blei eit av dei mest leste og gjennomanalyserte dikta av alle han skreiv. Ein av grunnane til denne populariteten er utan tvil at i dette diktet møtest dikteren og kunstmålaren. Desse to kunstnarane som betre enn nokon annan kunne få fram det vakre i dei kjende og kjære omgjevnadene sine, finn saman i diktet til Hauge. Men det er fleire krysningspunkt mellom dei to enn motiv henta frå heimtraktene. Til dømes hadde både Astrup og Hauge interesse for japansk kultur. For målaren var det dei japanske fargetresnitte som fengja, og for poeten dei korte haiku-dikta. I verka til begge er denne inspirasjonen synleg, men den går aldri utover den eigenarten som begge er kjende for.

In the late 1950's the poet Olav H. Hauge received a picture in the mail. It was a reproduction of Nicolay Astrup's Vårnatt i hagen ('Spring Evening in the Garden') painted in the early 1900's. Perhaps the poet had seen the painting in the Rasmus Meyer's Collections in Bergen, but it was while looking at this copy of the painting that Hauge wrote Til eit Astrup bilete ('To a Astrup painting'). It was to become one of the most often read and analyzed poems he ever wrote. One of the reasons for this popularity is undoubtedly that in this poem the poet meets the painter. These two artists, who better than anyone could bring forth the beauty of their familiar and loved surroundings, find each other in this poem by Hauge. But they have more in common than motifs from their home area. Both Astrup and Hauge shared an interest in Japanese culture, for example. For the painter it was the Japanese wood cuts that caught his interest, and for the poet it was the short Haiku poems.

Hauge nytta altså ein reproduksjon av eit maleri som inspirasjon då han skreiv eit av hovudverka sine. Kva var så Astrup sin inspirasjon då han malte biletet? Dei japanske tresnitta nytta han hovudsakleg til tekniske utfordringar. Innhaldet i bileta fann han inspirasjon til i barneteikningane sine. Grunnen til at han valde nettopp desse som inspirasjon, fortel ei spanande historie om kunstnarar på leit etter ei ny meaning med kunsten.

Astrup ville ikkje la seg styre av alle dei maleria han hadde sett, og all den kunnskapen han hadde tileigna seg om teknikk og komposisjon. Han meinte dette sløva kunsten og gjorde malinga til tannlaus rutine. Barnet, derimot, var ikkje hemma av reglar for komposisjon og tenkte derfor fritt og originalt. Teikningane han hadde laga før han blei bevisst rundt kunst, kunne dermed nyttast som førebilete. Mange kunstnarar på byrjinga av 1900-talet delte denne oppfatninga, og ville bort frå den vestlege kunsten og alt den innebar.

This inspiration is evident in both, but it never supercedes the original expression each of them is known for.

Hauge used a reproduction of a painting as inspiration when he wrote one of his main works.

What was then Astrup's inspiration when he painted the picture? The Japanese wood cuts were used mainly as technical challenges. The content of the pictures was inspired by his childhood drawings. The reason why he chose these as inspiration tells a fascinating story about the artist in search for a new meaning with his art.

Astrup would not let himself be steered by all the paintings he had seen, nor by all the technical knowledge he had gained.

He thought that this all dulled the art, and made painting into a toothless routine. The child, however, was not hampered by compositional rules, and could therefore think freely and individually. The drawings he had made before he was conscious of art could therefore be used as motifs. Many artists at the beginning of the 1900's shared this opinion and wanted to remove themselves from western art and all that it entailed. They had, just as Astrup, started to experience tradition as a burden, and worse of all, emptied out. Famous Italian painters, such as Raphael and Michelangelo, had already in the 1500's painted as well as it was possible.

Dei hadde, som Astrup, byrja å oppleve tradisjonen som tyngande, og verst av alt: utprøvd. Kjende italienske malarar som Rafael og Michelangelo hadde alt på 1500-talet malt det meste så godt som det kunne gjerast, så kva hensikt skulle det ha å gjere det igjen? Kvar skulle dei leite etter inspirasjon og ein veg ut av dette uføret?

Astrup si løysing var å reise vekk frå storbyen og ut til dei enkle bøndene i heimbygda. Der kunne han vere fri til å skape ein ny personleg kunst utanfor normene til kunsthistoria. Ein annan kjend målar, Paul Gauguin, prøvde det samme i Sør-Frankrike, men fann det ikkje primitivt nok. Han reiste derfor vidare til sydhavsøya Tahiti. Der var han endeleg fri frå vestens sivilisasjon. Både Gauguin og Astrup var opptatt av det dei såg, som ikkje berre enkle bønder, men som frie, naturlege og opprinnelege menneske. Sjølv sagt klarte ingen av desse to karakterane å gli heilt inn i dei nye miljøa sine. Dei såkalla primitive menneska utanfor Europa og kunsten deira leia ikkje berre Gauguin på nye vegar. På leit etter nye impulsar gjekk mellom anna Picasso inn i dei etnografiske samlingane i Paris og brukte formene han fann i dei afrikanske maskene i måleria og skulpturane sine.

Kva kan så dette seie om det å la seg inspirere? Moglegvis er det viktigaste at kunstnaren treng inspirasjon, og sjølv om

What was the purpose of doing it again?

Where would they look for inspiration and a way out of this situation?

Astrup solved it by travelling away from the big city and seek the simple peasants of his home area. There he could be free to create a new and personal art, away from the norms of art history. Another well known painter, Paul Gauguin, tried to do the same in Southern France, but he he did not find it primitive enough. So he travelled on to the south sea island Tahiti. There he finally felt free from western civilization. Both Gauguin and Astrup felt that who they saw were not just simple peasants, but free, natural, and original people. Naturally neither of these two characters managed to integrate themselves completely in their new environment. The so-called primitive people and their art outside Europe, did not just lead Gauguin in new directions. Among others, Picasso was another one. In search for new impulses, he went to the ethnic collections in Paris, and the forms he found in the African masks

ein festar seg ved dei ulike visa inspirasjonen kjem til kunstnaren, er det oftast andre menneske og det dei har skapt som inspirerer oss. Kunstnarane i Harding Puls har nytta kunsten til Olav H. Hauge og Geirr Tveit som inspirasjon til sin kunst. Vi hyller begge desse kunstnarane som unike individ som skapte unik kunst, men når ein studerer kunsten deira, finn ein trådane som bind dei saman med resten av verda. Desse trådane bind all kunst saman på tvers av landegrenser, kultur og tid, og gjer at ein alltid kan finne noko som ein kan nikke gjenkjennande til. Ikkje berre kjenner vi noko igjen i kunsten, men vi ser kanskje også noko nytt i det vi trudde vi kjende.

there, he used in his paintings and sculptures.

What then can this tell us about inspiration? It is possible that what is most important is that the artist needs inspiration. And even if one can see different ways inspiration comes to the artist, it seems more often than not that it is other people and what they have created which inspire us. The artists of Harding Puls have used the art of Olav H. Hauge and Geirr Tveitt as inspiration for their art. We applaud both these artists as unique individuals who created unique art. But when one studies their art, one will find the threads that connect them with the rest of the world. These threads connect all art across all borders, culture, and time. Thus there will always be something one will recognize. Not only do we recognize something in the art, but we will perhaps also see something new in that which we thought we knew.

Ove Karlson
Kunsthistorikar og utstillingsleiar i Kunsthuset Kabuso
Art historian and Director of Exhibitions at Kabuso

Mi inspirasjonskjelde har vore Geirr Tveitt sin komposisjon "Hundrad hardingtonar".

I dette fargerike og kjende verket let Tveitt seg inspirer av stemninga og tonespråket som han fann i folketonane kring Hardangerfjorden. Tonar som levde i folkesjela i generasjonar hjå menneska som hadde sitt liv og virke i det hardangerske fjordlandskapet. Dette landskapet som og er mitt landskap og del av mitt liv. Musikken til Tveitt fangar stemningar som går inn til ryggmergen på meg. Det er ikkje glansbildet, men det er noko ekte. Musikken røre noko ved min eigen identitet.

Eg har leita meg fram til bilder som, for meg, har gitt ein felles stemning og klangbotn med musikken som har fylt atelieret mitt.

My source of inspiration has been Geirr Tveitt's composition "Hundrad hardingtonar" ("One Hundred Melodies From Hardanger").


In this colourful and well known work Tveitt is inspired by the atmosphere and tonality he found in the folk melodies along the Hardanger fjord. Melodies which had lived in the soul of a people who had worked and lived in the landscape of the fjord for generations.

This landscape, which is also my landscape, and part of my life. Tveitt's music catches atmospheres and moods in a way which resonates throughout me. It is not the picture-perfect, but something real and authentic.


I have searched out pictures, which to me relate the same mood and ressonance as the music which has filled my studio.



fotocollage og akryl / photocollage and painting, 30 x 30 cm



fotocollage og maling / photocollage and painting, 30 x 30 cm



fotocollage og maling / photocollage and painting, 30 x 30 cm

Jeg har latt meg inspirere av Geirr Tveitt sin musikk. I Trygve Lie Gallery viser jeg et tredelt arbeid hvor jeg tok utgangspunkt i Concerto No. 2 Tri fjordar, Hardangerfjord, Sognefjord og Nordfjord. Jeg synes fjordenes form og omriss kan visualisere både det detaljrike og kraftfulle i musikken. Det er som en planlagt droling, hvor jeg snirkler meg avgårde slik hardingfela gjør det i denne komposisjonen.

Geirr Tveitts tidlige verk 12 tvorøystes fyr-istudier, opus 1 er et nordisk motstykke til Bach. I 12 tvorøystes inventionar som Tveitt senere kalte dem, tok han ibruk skalatyper fra norsk slåttemusikk. Jeg ble fasinert av de små velformulerte pianostykkene og det utløste objektserien 12 invensjoner, som vises i Hardanger.

I have used Geirr Tveitt's music as my inspiration. In Trygve Lie Gallery I will show a three part piece inspired by Concerto No. 2 Tri fjordar (Three Fjords) Hardangerfjord, Sognefjord, and Nordfjord. I think the shape and contours of the fjords can visualize the wealth of details as well as the forcefulness of the music. It is a sort of planned doodling, where I am winding my way along in a similar manner to how the Hardanger Fiddle does in this composition.

Geirr Tveitt's early work 12 tvorøystes fyrstudier (12 twopart pre-studies), opus 1, is a Nordic counter part to Bach. In 12 tvorøystes inventionar (12 twopart Inventions), as Tveitt later called them, he utilized musical scales which were used in traditional Norwegian folk music. I was fascinated by the short and well formulated piano pieces, and this resulted in the series of objects called 12 invensjoner, (12 Inventions).



Tre fjorder / Three fjords, bølgepapp / corrugated cardboard, højde ca 100 cm (NY)



12 invensjoner / 12 Inventions, objekt i bølgepapp / corrugated cardboard



Detalj frå 12 invensjoner / detail from 12 Inventions, objekt i bølgepapp h. 23 x b. 20 x d. 7 cm

VEGAR

Sa ek a veg vega:
vegr var yfir
ok vegr undir
ok vegr a alla vega.
I ring gjekk sume,
andre rakt.

Stakkaren sit der
han er sett,
klokingen freistar
ein stubbe av alle;
hel eller himmel
ventar den som vel
berre ein.

Dette var det
dei sa meg um vegar,
men ikkje alt:
Draumen rekkjer
dit fot ikkje rekk,
og ein og annan fann
lækjande gras
på holmen
i sitt Loghica.

DU VAR VINDEN

Eg er ein båt
Utan vind.
Du var vinden.
Var det den leidi eg skulde ?
Kven spør etter leidi
når ein har slik vind!

YOU WERE THE WIND

*I am a boat
without wind.
Was that the course I was to take?
Who care about the course
with such a wind!*

ME SIGLAR IKKJE SAME HAVET

Me siglar ikkje same havet,
Endå det ser so ut.
Grovt timber og jarn på dekk,
sand og sement i romet,
djupt ligg eg, seint sig eg, stampar i
broddsjø,
uler i skodde.
Du seglar i ein papirbåt,
og draumen ber det blå seglet,
so linn er vinden, so var er bylgja.

WE ARE NOT SAILING ON THE SAME SEA

*We are not sailing on the same sea
though it looks like it.
Heavy timber and iron on deck,
sand and cemenet in the hold,
sitting low,
I pitch in choppy water,
wail in mist.
You`re sailing in a paper boat,
you dream fills the blue sail,
so mild the wind, so meek the water.*



Du var vinden / You were the wind, maleri / painting, 120 x 120 cm (NY)



Vegar I / Roads I, maleri / painting, 80 x 80 cm (NY)



Vegar II / Roads II, maleri / painting, 80 x 80 cm (NY)

LYTTEKOMPOSISJONAR

Jeg har laget musikk til 5 av diktene til Olav H. Hauge. Jeg har ønsket å lage et prøvende, menneskelig lydbilde som gjenspeiler følelsen jeg får ved å lese diktene.

For meg er Hauges dikt sammensatte og rike på nyanser. Jeg finner mye melankoli og lengsel, men også en leken personlighet med stort vidd.

Brevvekslingen mellom Olav H. Hauge og Bodil Cappelen har vært en viktig inspirasjonsskilde for meg.

LISTEN IN - AUDIO ART

I have composed music inspired by 5 Olav H. Hauge poems. My intension is to visualize in sound the feelings these poems create, by gradually coming closer to a human, attentive audio expression.

To me, Olav H. Hauge's art is rich in nuance. I find a lot of melancholy and longing, but also a playful, witty personality.

The letters between Olav H. Hauge and Bodil Cappelen have been an important source of inspiration to me.

**1. Lydkollage av cembalo og 3 orgelpiper.
Til diktet:**

DET KJEM EIT BREV

Det kjem eit brev.
Og eg vert glad.
Ei bylgje av sorg
ber meg mot høgdi.

***1. "Sound collage of cembalo and 3 church
organ pipes"
To the poem:***

A LETTER`S COMING

*A letter`s coming
And I`ll be happy.
A wave of Sorrow
carries me to the crest.*



2. Lyre.

Til diktet:

EG SIKTAR LITT YVER

Ei pil som skal råka, kan ikkje gjera
mange kroker. Men ein god skyttar
reknar med fråstanden og vinden.
So når eg siktar på deg, siktar eg litt yver.

2. Lyre.

To the poem:

I AIM A LITTLE HIGH

*For an arrow to hit the mark, it can` t make
many detours. But a good archer
allows for the distance and the wind.
So when I aim at you, I aim a little high.*

3. Blokkfløytesvev.

Til diktet:

MIDTVINTER. SNØ

Midvinter. Snø.
Eg gjev fuglane ei brødskorpe.
Og søv ikkje ringare for det.

3. "Children's flutes on the wing"

To the poem:

MIDWINTER. SNOW

*Midwinter. Snow.
I give the birds a crust.
And sleep no worse for that.*

4. Celloteppe.

Til diktet:

SPØR VINDEN

Spør vinden
Helst han tusul.
Han fer vide,
og kjem ofte att
med godt svar.

**4. "Cello sound wall"
To the poem:**

ASK THE WIND

*Ask the wind.
the lighter the better.
He travels far
and often comes back
with a good answer.*

5. Nølende vals.

Til diktet:

HER HAR EG BUTT

Her har eg butt meir enn ein mannsalder.
År med vind og stjernor i høg rigg
har siglt framum.
Tre og fuglar har slege seg til her,
men eg har ikkje roa meg.

**5. "Waltz of hesitation"
To the poem:**

I HAVE LIVED HERE

*I have lived here more than a generation.
Years with wind and stars in the high rigging
have sailed past.
Trees and birds have settled down here,
but I have not.*

SPØR VINDEN

Spør vinden,
helst han tusul.
Han fer vide,
og kjem ofte att
med godt svar.

ASK THE WIND

*Ask the wind.
the lighter the better.
He travels far
and often comes back
with a good answer.*

SONG TIL STORMEN

Kom, sterke storm frå æverømd
og stål min vilje, løys min streng!
Lyft åndi mi på ørneveng
og syn meg leid og dag i kjømd.

Kom, storm, og alt det rotne riv!
Kom, lauvsmød-rakar ifrå aust,
i bleik og herja utglødd haust
og skil alt dautt frå groført liv.

.....

Vekk meg og dvale, talm og trong
med helsingar frå dine hav.
Løys lengsla ut, ber sorgi av,
og stem meg med din sterke song.

.....

.....

Kom fyll meg, liv, med rus og storm!
Flød, livsens glødde vokstersaft,
og gjev mi ånd av eld og kraft
til å sprengja dødens stivna norm.

.....

.....

Bøyg meg, men brjot meg ikkje ned.
Lær meg å stå i livsens leik
so traust som denne beiske eik,
so mjuk som vindsveigt strå på red.

Lær meg å syngja, vind på heid,
so stilt som du imillom strå
um alt det ringe, arme, grå
som unemnt levde, ukjent streid.

.....



Spør vinden / Ask the wind, maleri / painting, 90 x 40 cm



Storm / Storm, maleri / painting, 70 x 20 cm



Storm / Storm, maleri / painting, 90 x 20 cm


Jorunn Haugse

I arbeidet med Hauge/Tveitt-jubileet har eg vald å late motiva og linjene vera inspirerte av Hauge sine dikt, medan Tveitt sin musikk har påverka fargevalet. Hauge si interesse for japanske dikt og trykk har lagt grunnlaget for måten eg har framstilt motiva på, samt mitt fokus på iscenesetjing og stemning. Lik gamle japanske verk av meistarar som Hokusai, der enkeltobjekter i naturen - trær, fjell osv - vert ikonisert, vel Hauge seg eit tre eller ein foss og byggjer heile diktet rundt den. I tillegg har eg henta inspirasjon frå nyare japansk kunst og måten klare fargar vert brukt utan blygsel. Med Tveitt som bakgrunnsmusikk har måleria gjerne vorte til ut frå enkeltdikt, men like ofte frå ei samla stemning av fleire.


Working with the Hauge/Tveitt-jubilee, I've studied Hauge's poems for the motifs and lines, while Tveitt's bold music has influenced my choice of colours. The way I've portraided the motifs, and my focus on atmosphere has been greatly based on Hauge's own interest in Japanese poems and prints. Like old works from masters such as Hokusai, where single objects in nature – trees, mountains and so on – have been iconised, Hauge picks a tree or a waterfall and builds the whole poem round it. In addition I've found inspiration in modern Japanese art, with its uninhibited use of pure colours. With Tveitt as background music, I've painted both from single poems, and from a collected mood of many.



Crimson muzzles, maleri / painting, 80 x 100 cm



Piggsvinet / Hedgehog, maleri / paintig, 60 x 80 cm



Kirsebærtreet / Cherry tree, maleri / painting 60 x 80 cm (NY)

Synneva Heradstveit

slå augo opp
og sjå deg ikring
Jau, du er her,
her i denne verda

Eg har i mange år arbeidd med akvarell som uttrykksform. Akvarellen er for meg nær knytta til landskapet.


Eg har mine røter i Hardanger, i naturen i folkesjela. Eg har vakse opp i Tveitt sitt landskap, og hans naturlyriske musikk rører ved meg. Det er også klanger og fargar i Hauge sine dikt. Dei er knytta til det jordnære og kvardagslege som eg kjenner meg igjen i. Det handlar om samtid, om identitet.

*open your eyes
and look around
Yes, you are here,
here in this world*

I have worked with water colours as expression for many years. To me the water colours are closely related to the landscape. My roots are in Hardanger, in the nature and soul of the place. I grew up in Tveitt's landscape, and his lyrical music touches me. There are also tonalities and colours in Hauge's poems. They are related to the earthly and everyday which I feel is familiar. It is about present, about identity.



akvarell / diptyk / watercolor / diptych, 34 x 48 cm



akvarell / diptyk / watercolor / diptych, 34 x 48 cm (NY)



akvarell / diptyk / watercolor / diptych, 34 x 48 cm

Kwestan Jamal Ali

EIT ORD

Eit ord
-ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til
Eg lyt ha fleire steiner
skal eg komme yver.

ONE WORD

*One word
- one stone
in a cold river.
One more stone -
I must have more
if I`m to get across.*

FEMSTEIN

Femsteinane
er skitne og grå vortne
av mange finger
I elvesanden
skal me finna oss
ny femstein
kvit steinar
som glistrar i soli
når me spelar.



Ulvik, maleri / painting, 220 x 180 cm



detalj / detail, maleri / painting



maleri / painting, 145 x 100 cm

ELDBERGET

Vanvyrd meg ikkje,
de trygge og skikkelege berg!
Gjenom meg, usæle,
skulde det brjota
alt det innestengde
som vår bergætt
i uraldrar ol.

Det var ikkje min lava,
mi oske, min eld
meir enn dykkar,
men bresten var min.

Eg er berre eit berg
som andre berg,
ingi gâte
og ingen guddom,
berre eit skrøpeleg,
utbrent berg.
Men ingen
veit som eg
kva krefter det søv
i oss berg.

THE FIRE MOUNTAIN

*Don` t be too mocking,
harmless decent hills!
Through miserable me
could burst all the shut-
in power
of our original
craggy lineage.*

*It was not my lava,
my ash, my fire
more than yours,
but the flaw was mine.*

*I am only a mountain
like others,
no riddle
no godhead,
only a run-down
burnt-out heap.
But no one
knows as I
what forces
in us sleep.*

BRUI

Stiv av angst brått eg vakna
or ein draum ei natt;
I ein bråblenk alt vart burte.
Veik eg låg der att.
Og dei kom, dei vonde tankar
med si ville sut,
hogg si klo kring hjarta, dreiv meg
hugsprengd upp - og ut.

Vårnatt var det. Marki naki
etter snøen før.
Sløkte himlar. Audn og einsemd.
Dette var mi jord.
Då ifrå ein skyglugg fall det
ned ei sylvbru, som
lett og skjelvi like til min
ringe dørstokk kom.

Og ho baud meg, brui, berre
koma til si borg.
I dei ljose månelandi
vert du kvitt di sorg.
Brått var blanke brui burte.
Frostal stod eg att.
Kom i døden du og ber meg
frå mitt jordlivs natt!



Eldberget/ The fire mountain, dekor på tre / decorative painting, høgde 28 cm



Bru I / The brigade I, dekor på tre / decorative painting, 61 x 61 cm



Bru II / The brigde II, dekor på tre / decorative painting, 61 x 61 cm

EG REK

Eg rek
for vind, for bylgjor.
Eg har kravla meg upp på ein stokk,
og er kry av at han er utkrota.

I det materialet eg arbeider i, må eg innordna meg teknikken og handverket. Eg prøve å spela på lag med teksten sitt uttrykk. Teppa til utstillinga tar utgangspunkt i dikt av Olav H. Hauge. Teksten er gjort om til visuelle uttrykk. Dikta er: "Kverni", "Ver og vind" og "Eg rek".

Olav H. Hauge får sagt mykje med enkle ord. Språke er vakkert. Naturen, det ville til det rolege, det går att både i dikta til Olav H. Hauge og musikken til Geirr Tveitt.


Eg er sjølv ein del av naturen her med skiftande årstider, blømande frukthagar, fjorden, fonna og fjella.

I`M DRIFTING


I`m drifting, driven
by wind, by waves.
I`ve clambered up on a log,
and I`m proud that it`s carved.

In the material I work in, I must adhere to the techniques and craft. I try to play along with the expression of the textile. The weavings for the exhibition are initiated by Olav H. Hauge. The text is remade into visual expressions. The poems are: "Kverni" (The Mill), "Ver og Vind" (Weather and Wind), and "Eg rek" (I Wander).


Olav H. Hauge can say much with simple words. The language is beautiful. Nature, from the wild to the tranquil, it is all there in Olav H. Hauge's poems and Geirr Tveitt's music. I also am part of the nature here, with its changing seasons, blooming fruit orchards, the fjord, the glacier and the mountains.



Eg rek / 1 m drifting, vev / textile, 75 X 55 cm (NY)



Kverni / The mill, vev / textile, 75 X 55 cm (NY)



Ver og vind / Weather and wind, vev / textile, 75 X 55 cm (NY)

Randi Sandven Skeie

Inspirasjon frå Hauge og Tveitt

Det er mellomrommet eller pausen mellom tonane i musikken og orda i dikta som understreka budskapet i dikt og musikk. Frå stilla til temperament og styrke, frå ro og harmoni til fullt kaos. Kontraster, men og likskap, inspirert av den vestnorske naturen, lyset og mørket. På same tid hadde både Hauge og Tveitt eit vidsyn langt ut over Hardanger og det heilnorske.

KOM IKKJE MED HEILE SANNINGI


“Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min tørste,
kom ikkje med himmelen når eg bed um ljøs,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjøm,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget
og vinden eit korn av salt.”

Inspiration from Hauge and Tveitt.

It's the interval or the pause between the notes in the music or the words in the poems that brings out the meaning in poems and music. From absolute silence to temperament and strength, from calm and harmony to the absolute chaos. Contrasts but also resemblance inspired by the beautiful scenery of Western Norway, the light and the darkness. At the same time both Hauge and Tveitt had visions far beyond Hardanger and Norway.

DON`T COME TO ME WITH THE ENTIRED TRUTH

*Don` t come to me with the entired truth.
Don` t bring the ocean if I feel thirsty.
Nor heaven if I ask for light;
But bring a hint, some dew, a particle,
as birds carry only drops away from water,
and the wind a grain of salt.*



I natt har graset vorte grønt / Last night the grass turned green, maleri / painting, 100 x100 cm



utan tittel, maleri / painting, 100 x 100 cm



Svarte krossar / Black crosses, maleri / painting, 100 x 100 cm

KVITELEN OG SILKEN

Olav H. Hauge sine dikt, og korleis han lever i dei, fascinerer meg og eg kjenner meg att i dei. Han lyftar det kvardagslege og set det i nytt lys gjennom sin kunstnarlege genialitet.

Det har oppglødd meg at han så ofte har med tekstilane i sin skapande sfære, kviteleen så vel som silken, og kledda, det trivielle, utan at det vert sentimentalt. Og han er ein flittig brukar av vev som metafor, som i "Hendene vev". Etter at Bodil Cappelen kom inn i livet hans, skreiv han og meir direkte om vevnad. Diktet "Teppet" femnar alt, og er til stor inspirasjon.

Bak arbeida mine, til denne utstillinga, ligg såleis ein positiv dialog med arven etter Olav H. Hauge. Å lesa hans verk med god tid og ettertanke, og med tekstilar og fargar i augnekroken, har rørt ved djupare lag og strenger i meg og det har opna seg eit felles univers, eit møte mellom hans poesi og mine idear og uttrykk. Djupna og stemningane i dikta har vore med og staka ut vegen for dei nye tekstilane, broderte dikt på gamle og nye vevnader.

WHITTLE AND SILK

Olav H. Hauge's poems and the way he lives in them fascinate me and I recognize myself in them. Through his artistic genius he draws attention to the familiar and common and puts this into a new context.

I am excited by his allusions to textiles in his artistic sphere, expressing himself through references to blankets, silk and clothing, exploring the mundane without sentimentality. He also often uses weaving as a metaphor, as in "Hendene vev" (The Hands are Weaving). After the weaver and artist Bodil Cappelen came into his life, he wrote more and more directly about weaving. His poem "Teppet" (The Blanket) embraces this and is a great inspiration. The close dialogue between my work and Olav H. Hauge's is clearly expressed in this exhibition. When I reflect on his poetry - with textiles and colors at the back of my mind - I am deeply stirred. A common universe has opened, a meeting of his poetry and my creative impulses. His poetry's depth and atmosphere has contributed to the direction I have taken in these textiles: embroidering poems on old and new weavings.



Kva alv var det
som gjesta deg i natt?
Raude silkeplagg
ligg kasta på marki.
Er dei hans eller dine
dei svarte augo?

“Skakkatådne og svarte augo” Åkle med tekst; Valmue. Lengd 200 cm, breidd 140 cm.
Silkebroderi på ullstoff, montert på åkle. *Embroidered poem Poppy. Handwoven coverlet.*

KOTKAR OG MANDARIN

MÅNEN SIN SYLVEBÅT SIGLDE
UM TYRKEN KALLA HAN SIN,
OG STJERNONE VAR FOR ALLE,
KOTKAR SOM MANDARIN.

Vers 2:

Sat dei i snøut vinter
og kvitelen som silken vart kald,
vandra mot stjernone vegen.
Og dei løner stødt sin skald.

"Kvitelen og silken". Teppe med dikt; Kotkar og mandarin. Lengd 200 cm, breidd 135 cm.
Silkebroderi montert på ullteppe. Diktet har 2 vers som står på teppet.
Embroidered poem. Woven blanket.

SVEVN

LAT OSS GLIDA INN
I SVEVNEŃ I DEN
LOGNE DRAUMEN,
GLIDA INN-TVO
DEIGEMNE I DEN
GODE BAKAROMNEN
SOM HEITER NATT.
OG SO VAKNA
UM MORGONEN
TVO GYLNE
KVEITEKAKOR!

OLAV H. HAUGE

SVEVN

LAT OSS GLIDA INN
I SVEVNEŃ, I DEN
LOGNE DRAUMEN,
GLIDA INN-TVO
DEIGEMNE I DEN
GODE BAKAROMNEN
SOM HEITER NATT.
OG SO VAKNA
UM MORGONEN
TVO GYLNE
KVEITEKAKOR!

OLAV H. HAUGE

"Kvitel for kveitebrødsdagar." Silkeföra kvitel med dikt; Svevn. Lengd 200 cm, breidd 120 cm. Mohairbroderi på 100 år gamal kvitel. *Embroidered poem Sleep, on old whittle. Let's glide into / sleep, into / the calm dream, / glide in - two / lumps of dough in / the good oven / called night. / And then waken / in the morning / two brown golden / wheatcakes*

DET ER DEN DRAUMEN

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje -
at tidi skal opna seg,
at hjarta skal opna seg,
at dører skal opna seg,
at kjeldor skal springa -
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

SAGI

Skrap,
segjer sagi.
Stød ved.
Ho segjer kva
ho tykkjer, sagi.

TIL LI PO

Å verta keisar i Det himmelske riket
lokka deg vel, Li Po.
Men hadde du ikkje heile verdi, skyene og vinden,
og sæla i ditt rus?
Større endå, Li Po, er
å råda med sitt eige hjarta.

IT`S THE DREAM

*It`s the dream we carry
that something wonderfull will happen,
that it has to happen -
that time will open,
that the heart will open,
the doors will open,
that the mountain crag will open,
that springs will flow -
that the dream will open,
that one morning we`ll glide
into a harbour we didn`t know existed.*

THE SAW

*Trash,
says the saw.
Fine firewood.
She says what
she thinks, the saw.*

TO LI PO

*To rule in The Heavenly Empire
no doubt enticed you, Li Po.
Didn`t you have the whole world, the clouds and
the wind,
and blessedness in your intoxication?
Even greater, Li Po, is it
to rule over one`s own heart.*



Det er den draumen / It's the dream, tresnitt / woodcut, 32 x 45 cm



Sagi / The saw, tresnitt / woodcut, 32 x 45 cm (NY)



Til Li Po / To Li Po, tresnitt / woodcut, 32 x 45 cm (NY)

HOLMEN

Einsleg, forvist
langt frå land,
strider holmen
på grufsen fjellsjø.
I stille næter,
når sjøen søv,
kjenner han berget under seg
breider seg tungt og veldig ut
og vert eitt med landet.

SKJER

Det er mange skjer i sjøen.
Likevel vart det
eit skjer
som vart frelsa di.

Desse to dikta av Olav H. Hauge har vore inspirasjon for mine maleri. Symbolbruken og metaforane han nyttar er allmennmenneskelege sanningar, kjensler og tankar om livet. Det nære, enkle, men med tyngde, prega av levd liv.
Eg har plukka ut ord frå desse to dikta som eg kjenner forsterkar uttrykket i bilete.

THE ISLET

*Solitary, exiled
far from land,
the islet toils
on a rough tarn.
On still nights
when the water sleeps
it feels the rock beneath,
spreads out heavy and huge,
becomes one with the land.*


SKERRIES

*There are many skerries in the ocean.
Nonetheless it was
one
that saved you.*

*These two poems by Olav H. Hauge have been the inspiration for my paintings. The symbols and metaphors he uses are human truths, feelings and thoughts about life. The near and familiar, simple, but with depth, bearing witness of life lived.
I have picked out words from these two poems that I feel emphasize the expression of the image.*



maleri / painting, 84 x 105 cm (NY)



maleri / painting, 64 x 74 cm (NY)



maleri / painting, 64 x 74 cm (NY)

Eigen utstilling i Hjadlane Galleri i Osa i Hardanger, 11.07.08 - 31.08.08

Tema: Inspirert av Olav H. Hauge. www.osa.no, e-mail: lars.g.polden@osa.no

Lars Gunnar Polden

Kan ein mann sine ord gjeva næring til dei bileta du ser i hovud ditt?

Kan ein mann sine ord gjeva næring til måten du ser på naturen kring deg?

Svaret er i dette høvet ja. Olav H Hauge sine ord, i samtale, dikt og dagbøker, har gjennom år vore med å forma min biletverd. Hauge vegra seg for å seia noko om dei første bileta eg laga med utgangspunkt i nokre av dikta hans.

Det er frie bilete bygd rundt ein tekst og det er ikkje så mykje meir å sei om det, meinte han.

Som ung og urøynd hadde eg nok håpa på noko meir handfast og forklarande, men dikt er dikt og kan ikkje forklarast med bilete, men ein kan håpa å finna ein slags samklang.

Møte med Olav H. Hauge sitt att i hukommelsen for alltid.

Siste gongen Olav H Hauge vitja Hjadlane Galleri i Osa kom han med ei utfordring til meg.

"Du skal laga ein serie store landskaps bilete frå Osa som er slik att sjølv austlendingane forstår korleis Vestlandet er." sa han med eit smil om munnen.

Dette var ei utfordring eg ynskte å gjera noko med, men å finna den rette måten å gjera det på var ikkje så lett. Eg streva lenge utan å få det til. Så ein dag spente eg opp eit stort papir og gjekk ut og la all den agresjonen som hadde bygd seg opp, inn i biletet.

Slik fekk eg med den krafta som ligg i naturen her inn i bilete. På den måten endra også innfallsvinkelen til Ulvik-naturen seg for meg.

Eg håpar att noko av den sjela som pregar Hauge sitt livsverk skal skina gjennom i bileta mine.



Utsikt frå Osafjellet, pastell, 102 x 112 cm



Elvane møtes, pastell, 102 x 112 cm



Eldberget , pastell, 102 x 112 cm

Dikta er av *All the poems by*: Olav H. Hauge.

Dikta er oversatt av / *The poems are translated by*:

Robin Fulton and James Greene with Siv Hennum:

Don't Give Me The Whole Truth, 1985

Robin Fulton:

Leaf-huts and Snow-houses.

Robert Bly:

Trusting Your Life To Water and Eternity. 1987

Design: Aud Bækkelund og Solfrid Aksnes

Oversetting /*Translation*: Tone Aanderaa

Foto / *Photos*: Olav Bjørkum

ØKONOMISKE STØTTESPELARAR
SUPPORTED BY

Hauge-Tveitt jubileet	Hardanger kulturråd
Hordaland Fylkeskommune	Kvam herad
Sparebanken Vest	Ulvik herad
Sparebanken Hardanger	Eidfjord kommune
Olav H. Hauge stiftinga	Ullensvang herad

SAMARBEIDSPARTAR

Trygve Lie Gallery
Agatunet, Hardanger Museum
Galleri N. Bergslien, Eidford kommune
Olav H. Hauge stiftinga i Ulvik
Litteratursymposiet i Odda

Hardingkunstnarar **INSPIREERT**
av Olav H.Hauge og Geirr Tveitt

omfattar også konsertar med:
also includes concerts with:

Kristin Mulders
Torgeir Kinne Solsvik
Mika Pohjola

Benedicte Maurseth
Geir Botnen
Knut Hamre

Lyrikk- og musikkprogram med:
Poetry and music program with:

Arnhild Litlerè
Arild B. Nielsen
Sigmund Vik

Førestilling for skuleborn:
A performance for children:

Merethe Gauden



HARDING PULS, www.hardingpuls.no
HAUGE-TVEITT JUBILEET 2008, www.ht08.no